

Preike på gudsteneste i Trefoldighet kirke under Teologidagane 2022.

17. mars 2022, Johannes 8, 31 -36

31 Så sa Jesus til dei jødane som var komne til tru på han: «Blir de verande i mitt ord, er de verkeleg mine læresveinar. Då skal de få kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie.» «Vi er Abrahams ætt», la dei imot, «og har aldri vore slavar for nokon. Korleis kan du då seia at vi skal bli frie?» 34 Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Kvar den som gjer synd, er slave under synda. Ein slave blir ikkje verande i huset i all framtid, men ein son blir verande der for alltid. Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie. Slik lyder det heilage evangelium.

- - -
- Kva snakka de om?
- Vi talade om sannhet.

Og så vart det stilt. For spørsmålet «kva er sannhet» kan vere ein effektiv samtalestopper. Vi treng ikkje gå til nytestamentet for å finne ut det. Mange av oss har erfart det sjølv, kanskje også litt av det desse dagane. Sannheit? Ja... Og vi prøver å finne ord eller nokre bilde som kan fange alt det som er og hovudet blir tommare og tommare. Væren? Kosmos? Vi ser ikkje for oss noko som helst, ingen forteljingar, ingen ansikt, ingenting som står på spel. Og så blir det stilt. Samtalen forstummar og nokre av oss konsentrerer oss om å sjå ettertenksame ut. Samtidig prøver vi å finne ein måte å skifte tema på. Eller kanskje vi begynner å bla og lese i tekstar vi har i nærheita for å kjøt og blod på dei lett abstrakte og høgflygande orda, i aviser kanskje, kanskje tilmed i bibeltekstar.

Då kan vi oppdage at Pilatus sitt spørsmål «kva er sanning?», det som blir etterfølgt av ein (talande) tausheit, slettes ikkje er det einaste gongen ordet sannheit blir brukt i Johannes-evangeliet. Det markerer heller slutten på ein samanhengande undersøking av kva no sanning kan vere. Det heile blir introdusert allereie i prologen der det heiter om Jesus at han er full av nåde og sanning. Etter det dukkar ordet sanning opp i samtalar, av og til i konfrontasjonar, heile tida i situasjonar der noko avgjerande står på spel. I samtale med rådsherren Nikodemus om natta, med den kanaaneiske kvinna ved brønnen, ved forsvar mot ei truande menneskemengde, i bøn når det nærmar seg slutten. Og ordet sanning står som regel ikkje aleine, men får og gir meining ved å bli kopla til andre ord: «Nåde og sanning», «Vegen, sanninga og livet» og sanning som det motsette av løgn, sanning som det kostar noko å halde fast ved, slik døparen Johannes gjorde det. Og sanning er regelmessig knytt til verb, det *skjer* noko: «helga dei i sanninga» ber Jesus, «den som følgjer sanninga, kjem til lyset» får Nikodemus vite speler saman med andre ord. Og kanskje aller mest tydeleg i dagens evangelium: «sanninga skal gjera dykk frie.» Sannhet som friheitas øyeblikk, det

overraskande som skjer når teppet går opp, sløret blir lagt av og vi med forundring kan sjå kva som verkeleg står på spel. Sanninga som ei hending, då den knugande stillheita blir brutt av lenker som fell på golvet og av lyden av føter som spring eller dansar bortover. Lyden av glade og engasjerte stemmar, opplevinga av å kunne snakke og syngje fritt.

Og vi veit jo sjølv nettopp frå engasjerte samtalar vi har hatt, der det eine ordet føger det andre, at ord som «sant» og «sanning» slett ikkje vere noko samtalestoppar. Sant?

-Har du høyrte at..

-Er det sant?

Mens dei store orda om sannhet buldrar svakt av tomheit, set forteljingar om ting vi ikkje visste kjensler og førestillingar i sving, og det heile kan spreie seg lynraskt, som rykte, sladder eller også som ei kunngjering av frigjering og fred. Sanninga skapar liv og røre, ho *gjer* noko med oss. Og den sanninga det er snakk om i Johannes-evangeliet dreier seg om det som er nødvendig, det som vendar nød. Og det kjennest i seg sjølv litt frigjerande, for vi er ikkje forplikta til å sette ord på alt, men å seie det som er avgjerande viktig. For vi treng ikkje heile havet når vi er tørste. Eg veit at mange prestar har eit lite dikt av Olav H. Hauge ved skrivestaden sin. Nokre enkle ord til påminning for oss som kan gripe oss sjølve i å drive ord. Det heiter rett og slett:

Kom ikkje med heile sanningi

Kom ikkje med heile sanningi,
kom ikkje med havet for min tørste,
kom ikkje med himmelen når eg bed um ljøs,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom,
slik fuglane ber med seg vassdropar frå lauget
og vinden eit korn av salt.

Kva ord er det viktig og nødvendig vi som kyrkje set ord på no? Med bildene frå nyheitsendingane om nye krigshandlingar og bilde av utbomba hus og menneske på flukt, som festar seg i kroppen? Når vi ser at sanninga er trua av løgn og falske nyheiter? Kanskje er noko av det sannaste vi kan gjere å be Kyrie eleison, med melodi frå Ukraina, for og med alle som lid. Å fokusere på all den modige motstanden som vi veit er der, også i Russland. (Ein nyheitsredaktør med ein plakat som seier nei til krig, f.eks)

Kanskje er det viktig å trekke fram alle dei gode motbilda vi har, fram fra glemselen, fram frå forhenga: Forteljingar om menneske som lever saman i fred. Bilde av kornåkrar som med gyldent kor som gir brød som mettar mange. Nettopp når vi veit at Ukraina er Europas

kornlager, er det viktig å løfte fram profetanes ord som *motbilde*: Om at det skal kome ei tid da våpen skal bli smidd om til plogjern, at rett skal vella fram som vatn og rettferd lik bekker som alltid strøymmer. Diktaren Helge Torvund har nettopp skrivne eit dikt som han gav mel lov til å dele:

Eg prøvde å tenkja på
kva som er det motsette
av bomber

og enda opp
med å tenkja på korn.

Korn som veks så stille
og som kan vaia
så vakkert i vinden

og som kan
gje oss brød.

I tillegg er Jesu oppfordring til oss om å vere og leve i sanninga, også noko som gjeld dei ubehagelege sanningane om oss sjølv, som del av storsamfunnet Norge og som del av kyrkja. I går markerte vi kvenfolkets dag. Vi har i denne gudstenesta blitt minna om at det også finst samar og ulike samsiske språk her i Norge. Og vi veit at både samar og kvener har vore offer for ein hardhendt fornorskingsprosess, som gjer at mange ikkje er i stand til å seie sanninga på sitt eige. Og kyrkja har spelt ein viktig rolle i denne prosessen. (Oh vi veit også kva skuld og skam kyrkja og kristne har påført homofile, lesbiske og skeive av alle avskyggingar gjennom tidene og stadig.) Korleis kan vi kome til rette med det? Kva er dei nødvendige og sanne orda som må bli sagt no? Det viktiske første skrittet er jo i begge desse tilfella, å ikkje seie mykje sjølv. Men å høyre på og ta imot forteljingar frå folk som har kjent uretten på kroppen. Sterke forteljingar og sanne. For å få sanninga på bordet er det første skrittet i alle slike forsoningsprosessar.

I Sør-Afrikas oppgjer med si apartheid-historie, understreka Desmond Tuto kor viktig sanning avr for å kunne kome vidare. Sitat: (?) Sanning- og forsoningskomiteen (*Truth and Reconciliation Commission (TRC)*) osv om den norske komiteen som arbeider med forteljingar frå urfolk og om arbeidet for å høyre sanninga frå skeive.

--

Eg veit ikkje om det stadig er sånn, men då eg vaks opp stod det nokre innskrifter på dei mest uventa stader på skolen og i skolegarden, nesten som ein formel, av og til hadde nokon,

kanskje litt flau, greidd å stryke sjølve namna ut: Han og ho, eller han pluss han, eller ho og ho (hen?) = sant. Kanskje er det slikt vi skal fortsette å skrive? Kjærleik og fred er sant.

Rettferd og sanning er sant. Og det kan vi jo nesten sjå for oss:

Miskunn og sanning skal møte kvarandre,

rettferd og fred skal kyssa kvarandre.

Til det er det vel nesten berre å seie som vi sa før frå preikestolen: «Helga oss i sanninga, ditt ord er sanning.» Amen